

Tiltaksplan – førebygging av utmarksbrann

Tiltak for å
redusere sannsynet for at ein utmarksbrann kjem ut av kontroll
og
for å redusere konsekvensane ved ein utmarksbrann.

Bakgrunn og føremål

Føremålet med prosjektet er å redusere sannsynet for at ein større utmarksbrann oppstår og kjem ut av kontroll, og å redusere konsekvensane dersom ein slik brann oppstår. Risikoene i kommunane er i utgangspunktet ulik. Radøy har store samanhengande skogområdar. Austrheim består av mange store og små øyar og har mykje llyngheti, men også områdar med skog. Fedje har mykje llyngheti, men er geografisk avskjerma med tanke på kunne få bistand utafrå. Fedje og delar av Austrheim og Radøy er også jamleg utsett for sterk vind, noko som aukar sannsynet for at ein utmarksbrann kan kome ut av kontroll. Dette fører til at konsekvensane kan bli store sjølv om sannsynet er ulikt. Ei felles problemstilling er at avstanden mellom utmark og bustadområdar er særslit. Dette gjeld både for regulerte områdar og spreidd busettnad. Austrheim og Radøy kommunar har hendinga langt opp på lista over uønskte hendingar i sine overordna ROS-analysar. Risiko for utmarksbrann vert sett som høg også i Fedje kommune når den overordna ROS-analysen vert rullert i år. Vêrsituasjonen dei siste åra viser ein tendens til at lange tørkeperiodar kjem i samanheng med lange periodar med lave temperaturar i vinterhalvåret. Attgroing av gammal beitemark og tilvekst av skog har vore ein vedvarande prosess over lengre tid. Dette fører til at sannsynet for og konsekvensane ved ein utmarksbrann er større enn tidligare.

Prosjektet er eit felles prosjekt for kommunane Austrheim, Fedje og Radøy (AUFERA). Prosjektet skal planleggast i fellesskap med brann-, beredskaps- og landbruksmyndighetane i kommunane, samt dei politiske organa. Prosjektet er også føresett at det skal planleggast og gjennomførast i dialog med aktuelle etatar hos Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.

Prosjektet vil verte inndelt i tre fasar;

Fase 1 Ein kartleggings- og planleggingsfase der omfang og framdrift vert utarbeida.

Fase 2 Ein fase for detaljplanlegging av tiltak og gjennomføringa av disse.

Fase 3 Den tredje fasen er ein evalueringsfase som skal medverke til at arbeidet vert halde ved like og forbetra og at erfaringane herfrå kan bringes vidare til andre kommunar og nyttast der.

Fasane vil i praksis overlappe kvar andre og erfaringane vil fortløpende evaluerast.

Fase 1.

Kartlegging

Før man set i gang med tiltak er det naudsynt å kartlegge korleis risikoen er fordelt arealmessig. Det skal gjerast ei vurdering av kva for områdar som har størst risiko og kor konsekvensane er størst. Det vil være nokre områdar som er viktig å skydde og nokre områdar som kan ”ofrast” i første omgang.

Områdar som er aktuell å skydde er bustadområdar og byggeområdar, samt skogsområdar med drivverdig skog. I bustadområdar og byggeområdar generelt vil risikoen for liv og helse være størst og kommer i tillegg til dei økonomiske tapa for samfunnet og privatpersoner. I skogsområda vil det kunne være store økonomiske verdiar som går tapt under ein utmarksbrann.

Kartlegginga skal og omfatte infrastruktur som telefon- og kraftlinjer, samt vegar som delar opp landskapet. Det same gjeld for vassdrag og beiteland. Sikring av infrastruktur som telefonlinjer og mobilnett er naudsynt for å verne om liv og helse. Dette er viktig ikkje bare under ein utmarksbrann, men også i tida etter ein brann. Det same gjeld for kraftlinjer og vegar.

Kommunane estimerer eit tidsforbruk for kartlegging av dagens situasjon på omlag 150 timer. Dette føreset at vi får oppdaterte kartdata frå linjeeigarane som viser linjer og installasjonar.

Planlegging av tiltak

Etter at kartlegginga er gjennomført skal det utarbeidast planar for korleis risikoen skal reduserast. Planane skal innehalde ei arealmessig prioritering for tiltak. Ut frå sannsyn og konsekvens skal type tiltak og rekkefølgje vurderast. Tiltak for å verne om liv og helse vil prioriterast fremst. Det er ein føresetnad at dei tiltaka som vert planlagt er ein naturlig del av den daglege drifta av areala der tiltaka skal nyttast. Der det er føremålstenleg må arealbruken endrast slik at tiltaka kan haldast ved like på ein fornuftig måte. Dette kan til dømes være at etablerte branngater i terrenget vert nytta til beiteområdar for husdyr.

I arbeidet med planlegging og prioritering er det viktig at landbruks- og skogbruksstyresmaktane i kommunane er med. Det vil bidra med at planlagt framtidig utnytting av areala vert innarbeida i strategien for å kontrollere utmarksbrannar. Næringsane vil dermed også være ein viktig faktor og bidragsyta for å vedlikehalde tiltaka som vert sett i verk. Planlagde tiltak som kan nyttast i næringane kan heilt eller delvis finansierast gjennom tilskotsordningar i næringane.

Bustadområdar og landbruks-/beiteområdar

Dei viktigaste tiltaka som skal planleggast er tiltak for å redusere risikoen for at eventuelle utmarksbrannar skal kunne spreie seg inn i bustadområdar og true menneskeliv. Dette vil kunne gjennomførast i nært samarbeid med skogeigarar og landbruksnæringa. Områdar som vert rydda for skog og kratt vil enklast vedlikehaldas ved at dei etterpå vert nytta som utmarksbeite. For å få den ønskte effekten av beitebruk må områda gjerdast inn. Gjerdning kan planleggast og finansierast gjennom tilskotsordningar til næringa.

Telefonlinjer og kraftlinjer

Telefon- og kraftlinjer er særslig utsett i samband med ein utmarksbrann. Linjene vil kunne bli øydelagt over lange strekningar under ein brann. I tilknyting til linjene er det bygningar som inneholder installasjonar som er naudsynte for dei ulike netta. Dei ulike netta har og ei gjensidig avhengigheit av kvarandre. I tillegg til den driftsmessige og økonomiske konsekvensen for linjeeigaren vil ein skade av dette omfanget få særslig store konsekvensar for samfunna som vert råka av dette. Samfunna kan verte utan straum og telefon i lang tid. I samarbeid med linjeeigarane og grunneigarane kan man rydde traseane slik at linjene vert sikra. Samstundes vil disse traseane kunne nyttast som branngatar i terrenget. Også disse tiltaka vil best kunne gjennomførast i nært samarbeid med landbruksnæringa. Områdar som vert rydda for skog og kratt vil enklast vedlikehaldas ved at dei etterpå vert nytta som utmarksbeite.

I tillegg til linjer for fasttelefon vil også basestasjonane til mobiltelefonnettet vere utsatt under ein utmarksbrann.

Også basestasjonane til naudnetta er utsett. Dersom ein basestasjon vert øydelagt vil naudetataane ikkje kunne kommunisere med andre enn dei som er innanfor kort avstand (walkie-talkie). Kontakten med naudcentralane vil falle bort.

Alle disse netta er viktig at dei ikkje vert satt ut av funksjon i samband med ein større utmarksbrann. Naudetatane er avhengig at deira samband fungerer for at dei skal kunne utøve sine oppgåver. I tillegg til dette er innbuarane avhengig av at fasttelefon og mobilnetta fungerer for at dei skal kunne komme i kontakt med naudetatane og andre styresmakter. All form for telefoni og kommunikasjon er avhengig av straum.

Vegar

Alle vegar, både offentlige vegar, landbruksvegar og skogsvegar er naudsente for å kunne frakte sløkkemateriell og mannskap under ein brann. For at dette skal kunne gjerast på ein sikker måte må det ryddast langs vegane. Dersom vegane er inngrodd i skog vil dei kunne være ei felle for sløkkemannskapane. Det er også viktig at skogs- og landbruksvegar planleggast slik at dei ikkje vert feller under ein utmarksbrann.

Vassdrag

Vassdraga vil i nokre tilfelle være barrierar som kan nyttast til å avgrense ein utmarksbrann. I andre tilfelle kan vassdraga være områdar der krava i Naturmangfallslova utløysar verneinteressar som gjer det naudsnt å skydde område mot ein utmarksbrann.

Kulturminner

I kommunane er det nokre kulturminne som ligg slik til at dei kan verte øydelagt dersom dei vert råka av ein utmarksbrann.

Finansiering

Gjennomføring av tiltaka vil ha ei økonomisk side som og må planleggast. Dei samfunnsmessige kostnadane ved utmarksbrann kjem fort opp i fleire hundre millionar. Relativt avgrensa tiltak vil kunne redusere disse kostnadane, men også små tiltak vil ha ei kostnadsmessig side. Kommunane meiner det må være interessant for eigarane av sårbar infrastruktur å kunne være økonomisk med på prosjektet. Det same gjeld for forsikringsinstitusjonar. Ved å gjennomføre godt planlagde tiltak vil man kunne redusere konsekvensane ved ein framtidig utmarksbrann.

Også kartlegging og planlegging har ei kostnadsmessig side. Resursar som vert nytta må hentast frå andre område og oppgåver innanfor dei kommunale ansvarsområda. For å få ei mest mogleg optimal løysing krev det eit omfattande samarbeid mellom dei ulike ansvarsområda og kommunane.

Kommunane estimerer eit tidsforbruk for planlegging av tiltak på omlag 900 timer. Dette omfattar tidsforbruk for alle kommunale etatar som beredskap, brann, jordbruk og skogbruk. Naudsynt deltaking frå eigarar av infrastruktur føreset vi går over deira budsjett. Eventuell deltaking frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen håpar vi kan komme som eit uspesifisert bidrag.

Fase 2.

Tiltak – utføring og informasjon

Tiltaka som vert planlagt vil ha to fasar: utføring og vedlikehald. Bøndene og skogeigarane vil ha ein viktig del av begge fasane. Det er difor viktig at tiltaka er tilpassa den respektive drifta på eigedomane. For å ha størst mogleg effekt av tiltaka er det viktig med informasjon, ikkje bare til grunneigarane, men også ut til innbyggjarane og brukarane av naturen.

Gjennomføring av tiltaka vil på den eine sida ha ein stor økonomisk konsekvens for grunneigarane og kommunen. På den andre sida vil gjennomførte tiltak ha stort potensiale for økonomisk innsparing

for eigar av linjenett og installasjonar, samt for forsikringsinstitusjonar, dersom ein utmarksbrann oppstår. Kommunane har som målsetting at disse aktørane skal bidra med økonomiske midlar til gjennomføring av tiltak.

Det er særskilt vanskelig å estimere noko tidsforbruk og kostnadar for utføring av dei tiltaka som vert planlagd. Utføring av tiltaka vil kunne gå over fleire år. Prosjektet tar sikte på at dei tiltaka som vert planlagt er av ein slik kategori at dei kan finansierast heilt eller delvis gjennom tilskotordningar. Det er også eit mål at eigarar av sårbar infrastruktur og forsikringsbransjen skal bidra til dette førebyggande arbeidet på ein slik måte at dei kan spare kostnadar i ettertid. Ei slik finansiering vil være med på å dekke dei direkte ekstrakostnadane som brannvernet i kommunane som ein følgje av prosjektet.

Opplæring/øving

Kommunane tar sikte på at prosjektet skal nyttast til opplæring av eigne mannskap i handtering av utmarksbrann. I denne samanheng vil det være aktuelt å investere i naudsynt utstyr til brannvernet i kommunane. Prosjektet skal også nyttast til opplæring av bøndene i den gamle kunsten med beitebrenning. I denne forbindelse er det aktuelt å investere i utstyr som kan lånast ut til dei som skal gjennomføre brenninga.

Kommunane ønskjer og ønsker å kunne tilby andre brannvesen og aktuelle etatar å ta del i dei erfaringane vi gjer i høve til sikring mot konsekvensar av ein utmarksbrann, og å tilby deltaking i brenninga av utmark som opplæring av deira mannskap.

Fase 3.

Evaluering/rullering

Underveis i prosjektet skal det gjennomførast evaluering av tiltaka. Evalueringa må gjennomførast årleg og vil danne grunnlag for eventuelle endringar i prioritering og tiltak. Evalueringa vil også danne grunnlag for å lage rutinar for vedlikehald av dei tiltaka som vert nytta.